



## Referat lønspolitisk drøftingsmøte 2022

*Tid og stad: 30.09.22, kl. 10.00, Teams*

*Desse møtte:*

*Kari Øvretveit (HTV Utdanningsforbundet), Marit K N Nese (vara Utdanningsforbundet), Kristin Meiling (HTV Fagforbundet), Jo Tømmerbakke (rådmann) og Tonje Husum Aarland (ass. rådmann)*

1. Framdriftsplan
  - Det var sendt ut forslag til framdriftsplan i forkant. Utdanningsforbundet melder at dei treng utsett frist for å sende inn krav. Ny frist for alle vert: Onsdag 19. oktober.
  - Lokalt forhandlingsmøte er sett til måndag 24. oktober
  - Forhandlingar med eksterne forbund vert avtalt individuelt.
2. Økonomisk ramme, kriteria og grunnlag for lønspolitikk
  - Kort om økonomiske rammer; frontfagsramma på 3,84 % legg rammer for dette oppgjeret i kap. 3 og 5
  - Lønsutvikling i kap. 3 og 5 for tilsette i Modalen kommune
  - Forhandlingar om løn for fastlege og kommuneoverlege; egne justeringar gjort sommar 2022 ved tilsetjing av ny lege.
  - 1. mai som verknadspunkt for årets forhandlingar.
  - Tilsette i kap. 3 og 5 som har starta i stillinga etter 01.05.22 eller hatt fått justert lønna si etter denne datoen, har forhandlingsrett først i 2023.
3. Forhandlingsutvala si samansetning
  - Frå arbeidsgjevar: Jo Tømmerbakke (rådmann) og Tonje Husum Aarland (ass. rådmann)
  - Frå utdanningsforbundet; Kari Øvretveit (HTV) og Marit K N Nese (vara)
  - Dei andre lokale forbunda har ikkje medlemmer i kap. 3 og 5.
4. Uorganiserte i kap. 3 og 5
  - Tilsette som er uorganisert får ikkje forhandla, men får ein lønsfastsetting etter forhandlingane er over.



## MODALEN KOMMUNE

### Rådmannen

5. Orientering om sluttresultat
  - For dei som ein forhandlar med, er det dei tillitsvalde/organisasjonane som orienterer sine medlemmer om resultat når protokollen er signert av begge partar
  - Arbeidsgjevar orienterer dei uorganiserte.
  
6. Oversikt kap. 3 og 5
  - Avklaringar om ansvar knytt til stillingar og historikk.

#### Referent

Tonje Husum Aarland

Ass. rådmann

30.09.2022